



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til alle på adresseliste

Vår dato: **27 JAN 2010**

Vår ref.: NVE 201000083-3 kv/jaso

Arkiv: 312/H09

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jan Sørensen

22 95 92 11

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org.nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

7694 05 08971

E-CO Vannkraft AS - Melding om planlagt overføring av vatn til Viddalsmagasinet for skredsikring i Flåmsdalen

NVE har mottoke ei melding med vedlagt informasjonsbrosjyre frå E-CO Vannkraft AS om planlagt overføring av vatn til Viddalsmagasinet for skredsikring i Flåm og Flåmsdalen i Aurland kommune, Sogn og Fjordane. Føremålet med overføringa er å drenere overflatevatn frå dei mest utsette stadene for skred i Flåmsdalen, og samtidig nytte vatnet til kraftproduksjon.

NVE viser til at det er eit uttrykt mål å sjå tiltak i samanheng som kan bidra til skredførebygging, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009).

Planane omfattar inntak av elvane Stampa/Joasete på ca. kote 1000 og Gudmedøla på ca. kote 980 og overføring av vatn til Viddalsmagasinet via ein 10 km lang tunnel. Vatnet som vert overført vil bidra til ein auka kraftproduksjon på 57 GWh i dei eksisterande kraftverka Aurland I og Vangen. Utbyggingsprisen er berekna til 6 kr pr. kWh.

Flåmsvassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan III i 1986. Gudmedøla har sitt nedbørfelt innafor område som er omfatta av vernet, men Stortinget har gitt samtykke til at overføring av Gudmedøla kan vurderast i denne samanheng, jf. St.prp. nr. 53 (2008-2009), Innst. S. nr. 289 (2008-2009).

Sidan overføringa vil medføre ein produksjonsauke på over 40 GWh, skal saka handsamast etter reglane om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova fram til konsesjonssøknad føreligg. Saksgangen er nærare beskrive i meldinga.

Føremålet med konsekvensutgreiingane er å klargjere dei verknader ei overføring av vatn til Viddalsmagasinet vil ha for miljø, naturressursar og samfunn. Dette omfattar også verknader i forhold til skredsikring i Flåm og Flåmsdalen. Eit sentralt spørsmål i den samanheng er om dei planlagde tiltaka vil bidra til å redusere skredrisikoen i tilstrekkeleg grad. Det må leggjast særleg vekt på at tiltaket vil redusere faren for tap av menneskeliv ved eit eventuelt skred, og den samfunnsøkonomiske nytten av investeringane må vurderast.

Vi ber derfor særskilt om fråsegn som gjeld forslaget til utgreiingsprogram, t.d. tema som det bør fokuserast på i dei etterfølgjande konsekvensutgreiingane og forhold som det bør leggjast vekt på i den

vidare planlegginga av prosjektet. På bakgrunn av meldinga og fråsegnene, vil NVE fastsetje det endelege utgreiingsprogrammet for konsekvensutgreiinga som skal følgje ein eventuell søknad.


Melding og brosjyre vert lagt ut på NVE sine heimesider www.nve.no/vannkraft-ku og vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa er lagt ved. Dersom det er ønskjeleg med papirutgåve av meldinga, kan ein kontakte E-CO Vannkraft AS v/Halvor Kr. Halvorsen på telefon 24 11 65 11.

Vi ber Aurland kommune om å leggje ut to eksemplar av meldinga med brosjyre så snart som mogleg til offentleg gjennomsyn på Rådhuset 5745 Aurland, og Coop Marked 5743 Flåm, fram til 15. april 2010. Det eine eksemplaret av meldinga kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar) medan det andre ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden vil det bli arrangert eit folkemøte der representantar frå E-CO Vannkraft AS og NVE vil orientere om utbyggingsplanane, forslaget til konsekvensutgreiing og den vidare sakshandsaminga. Møtet vil bli kunngjort på førehand.

Fråsegner til meldinga kan sendast til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, innan 15. april 2010. Fråsegner eller delar av fråsegner, vil verte referert i NVE si innstilling. Dersom fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Jens Aabel
seksjonssjef



Jan Sørensen
senioringeniør

Vedlegg: Adresseliste
 Kunngjeringstekst
 Melding med brosjyre

Adresseliste for: E-CO Vannkraft AS: Melding om planlagt overføring av vatn til Viddalsmagasinet for skredsikring i Flåm og Flåmsdalen, Aurland kommune, Sogn og Fjordane.

Handsamast etter: Plan- og bygningslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing ein gong i: Sogn Avis og Avis Hordaland.

Til info	Ant. meld.	Namn/adresse
	4	Aurland kommune, 5745 AURLAND
	-	Leikanger kommune, Skrivarvegen 7, 6863 LEIKANGER
	-	Lærdal kommune, Pb. 83, 6886 LÆRDAL
	-	Vik kommune, Postboks 134, 6891 VIK i SOGN
	-	Sogndal kommune, Postboks 153, 6851 SOGNDAL
	-	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Postboks 37, 6861 LEIKANGER
	-	Sogn og Fjordane fylkeskommune, 6863 LEIKANGER
x	-	Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
x	-	Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO
	-	Direktoratet for naturforvaltning, 7485 TRONDHEIM
	-	Bergvesenet, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
	-	Statens Vegvesen Region Vest, Postboks, 168, 6861 LEIKANGER
	-	Kystdirektoratet - Kystverket, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND
	-	Kystverket Vest, Postboks 466, 5501 Haugesund
	-	Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks L, 6701 MÅLØY
	-	Norges Geologiske Undersøkelser, 7491 TRONDHEIM
	-	Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 OSLO
	-	Årdal Energi AS, Postboks 233, 6882 ØVRE ÅRDAL
	-	Sogn og Fjordane Energi AS, Bukta, 6823 SANDANE
	-	Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
	-	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Hans-Christian Hansen, 6750 STADLANDET
	-	Norges Naturvernforbund, Postboks 342 Sentrum, 0101 OSLO
	-	Samarbeidsrådet for naturvernsaker, Postboks 7 Sentrum, 0101 OSLO
	-	Miljøstiftelsen Bellona, Postboks 2141 Grünerløkka, 0505 OSLO
	-	Norges Miljøvernforbund, Postboks 593, 5001 BERGEN
	-	Den Norske Turistforening, Youngstorget 1, 0181 OSLO

	-	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
	-	Norges Bondelag, Schweigaardsgt. 34, 0191 OSLO
	-	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, c/o Adv. firmaet Lund & Co DA Postboks 1148 Sentrum, 0104 OSLO
	-	NIBR, Biblioteket/KU-senter, Postboks 44 Blindern, 0313 OSLO
	6	Internt (NVE-RV, SVA, SVK, ER, KD)

KUNNGJERING

E-CO Vannkraft AS – Melding om planlagt overføring av vann til Viddalsmagasinet for skredsikring i Flåm og Flåmsdalen.

Planane omfattar overføring av vatn frå elvane Stampa/Joasete og Gudmedøla til Viddalsmagasinet i Aurland kommune, Sogn og Fjordane. Overføringa skal bidra til skredsikring i Flåmsdalen ved å drenere overflatevatn bort frå dei mest utsette stadene i dalen.

Vatnet som vert overført vil nyttast til kraftproduksjon i dei eksisterande kraftverka Aurland I og Vangen og vil gje ein auke i produksjonen på 57 GWh. Utbyggingsprisen er berekna til 6 kr pr. kWh.

Flåmsvassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan III i 1986. Gudmedøla har sitt nedbørfelt innafor område som er omfatta av vernet, men Stortinget har gitt samtykke til at overføring av Gudmedøla kan vurderast i denne samanheng.

Sidan overføringa vil medføre ein produksjonsauke på over 40 GWh, skal saka handsamast etter reglane om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova fram til konsesjonssøknad føreligg. Saksgangen er nærare beskrive i meldinga.

Føremålet med konsekvensutgreiingane er å klargjere dei verknader ei eventuell overføring av vatn til Viddalsmagasinet vil ha for miljø, naturressursar og samfunn. Dette omfattar også verknader i forhold til skredsikring i Flåm og Flåmsdalen.

Vi ber derfor særskilt om fråsegn som gjeld forslaget til utgreiingsprogram, t.d. tema som det bør fokuserast på i dei etterfølgjande konsekvensutgreiingane og forhold som det bør leggjast vekt på i den vidare planlegginga av prosjektet. På bakgrunn av meldinga og fråsegnene, vil NVE fastsetje det endelege utgreiingsprogrammet for konsekvensutgreiinga som skal følgje ein eventuell søknad.

Meldinga er lagt ut til offentleg gjennomsyn på Rådhuset 5745 Aurland, og Coop Marked 5743 Flåm, fram til 15. april 2010. Meldinga er òg tilgjengeleg på www.nve.no/vannkraft-ku.

I løpet av høyringsperioden vil det bli arrangert eit folkemøte der representantar frå E-CO Vannkraft AS og NVE vil orientere om utbyggingsplanane, forslaget til konsekvensutgreiing og den vidare sakshandsaminga. Møtet vil bli kunngjort på førehand.

Fråsegner til meldinga kan sendast til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, **innan 15. april 2010**.